

# PLAN FOR KYRKJEMUSIKK

Askvoll sokn

---

Kyrkjemusikkutvalet i Askvoll 2024

Sabina Baylarbayova, Silje Furnes Solheim, Oddgunn Keilegavlen Grane, Tommy Erdal og Rune Ziener

Vedteke i Askvoll sokneråd 27.11.2024

# Planoversyn

## **1.0 Innleiing og generelt**

- 1.1 Musikken sin plass i kyrkja
- 1.2 Vår aktivitet - Kyrkjemusikken i Askvoll – *kor er vi?*
- 1.3 Vår visjon - Kyrkjemusikken i Askvoll – *kor vil vi?*

## **2.0 Verksemensplan**

- 2.1 Gudstenester og kyrklege handlingar
  - 2.2 Korverksemd etc.
  - 2.3 Barn og ungdom
  - 2.4 Skule, barnehage, kulturskule
  - 2.5 Institusjonar
  - 2.6 Konsertar og andre musikalske arrangement
  - 2.7 Instrument og bemanning/ressursar
- ## **3.0 Aktivitets- og tiltaksark – årsplanar**
- 3.1 Gudstenester og kyrklege handlingar
  - 3.2 Korverksemd
  - 3.3 Barn og ungdom
  - 3.4 Skule, barnehage, kulturskule
  - 3.5 Institusjonar
  - 3.6 Konsertar og andre musikalske arrangement
  - 3.7 Instrument og bemanning/ressursar

## **1.0 Innleiing og generelt**

### **1.1 Musikken sin plass i kyrkja**

*“Wenn die Worte aufhören, beginnt die Musik.”*

(«Der kor orda slutter starter musikken») Heinrich Heine (1797-1856, tysk forfatter).

Musikk er ein viktig del av mennesket sitt liv, også i kyrkja speler den ei svært viktig rolle.

- Musikken kan støtte folk i sorga og skape stemning i gleda.
- Musikken følgjer oss i heile vårt liv, den hjelper å leve gjennom vanskelige situasjoner, og med musikken kan vi dele glede kvarandre i gode dagar, spesielle dagar og i høgtider.

#### *Songen og medskapinga*

Den kristne kyrkja er ei syngande kyrkje. Kyrkjelyden er med songen med på å gi heilskap i gudstenesta. Ved å synge med i den musikalske delen av liturgien og i salmane deltek kyrkjelyden i gudstenester, gravferder og vigslar vert ein ikkje berre tilskodar, men samtidig aktiv medskapar.

Salmane er ein levande kulturskatt – som vi ber med oss frå fortid og tradisjonar, men den er samstundes levande og i stadig utvikling. Det er avgjerande at vi held denne i hevd denne praksisen vidare, og er formidlarar av salmeskatten vår til generasjonane som kjem til.

#### *Orgelet*

Orgelet er hovudinstrumentet i Den norske kyrkja. Orgelet som instrument har svært lange tradisjonar. I det første århundret vart orgelet kyrkja sitt instrument, og frå den tida har orgelet utvikla seg mykje fram til i dag. I gamle dager var orgla mykje mindre og ikkje veldig avanserte. Men no i dag er orgelet det største og dyraste instrumentet i verda. Alle pipeorgel i verden er forskjellige med stemmer, pedalar, manualar osv. Det er veldig viktig å ta godt vare på orgla våre, dei er unike kulturskattar som vi for tida «ber stafettpinna» for, med det ansvaret som ligg i å stelle desse og halde dei ved like.

#### *Soknerådet sitt særlege ansvar*

Soknerådet har eit særleg ansvar når det kjem til det kyrkjemusikalskelivet i soknet. Det står nedfelt i kyrjeordninga (tidlegare kyrkjelova) at soknerådet har ansvaret for at kyrkjemusikken skal verte innarbeidd og utvikla i soknet.

I dette ligg at soknerådet skal arbeide planmessig, ha ein plan for kyrkjemusikken og arbeide for å sikre ressursar slik at kyrkjemusikken får den plassen den fortener. Spørsmålet om ressursar dreier seg ikkje berre om budsjettmidlar og rammevilkår, men det aller viktigaste er dei menneskelege ressursane, at vi har dyktige fagpersonar som brenn for oppgåvane og engasjerte frivillige som er med å løfte fram kyrkjemusikken så den får den plass den fortener.

## **1.2 Vår aktivitet - Kyrkjemusikken i Askvoll – kor er vi?**

### *Tradisjon og allmenn praksis*

Det kyrkjemusikalske arbeidet i Askvoll er solid forankra i tradisjon og allmenn praksis. Musikken har ein heilt naturleg plass i gudstenestene, skulegudstenestene og i dei kyrkjelige handlingane (gravferder og vigsler).

Vi har eit variert konserttilbod, der vi arrangerer julekonsert, temakonsertar og andre konserter. Kyrkjene våre vert og nyttar som konsertlokale for eksterne arrangørar, med både profesjonelle aktørar og amatørmusikarar.

### *Aktiv kyrkjelyd og medskapar*

Vi har salmekveldar kor folk sjølv kan velje salmane – og er slik med på å gje form og innhald til det som går føre seg i kyrkjerommet.

Kyrkjekoret øver kvar torsdag og har to konsertar på Askvollheimen pr. år, deltek på julekonsertar, salmekveldar og nokre gudstenester.

### *Satsing på musikkdiakoni*

Askvoll sokn har ei særskilt satsing på *musikkdiakoni*. På Askvollheimen det er musikkandakter to gonger pr. månad. Dette er eit nytt prosjekt som starta opp i 2022 og skal gå til 2028. Bebuarar på Askvollheimen får kjekke musikalske stunder kor dei kan synge, lytte forskjellige slags musikk (folketonar, klassiske stykke, moderne låter osv.). Dei kan også ønske å høyre nokre stykker som dei liker spesielt godt. Til nokre av desse samlingane kjem det inviterte musikarar, både born og vaksne som spelar og syngjer.

Vi er heldige som har eit rikt musikalsk liv i kyrkjelydane i Askvoll i heile spennet mellom tradisjon og fornying i ulike former.

Kanskje har vi ikkje lukkast heilt med å nå alle aldrar i kyrkjemusikken? Vi bør kanskje særleg arbeide meir for å utvikle eit kyrkjemusikalsk tilbod særleg for born og ungdom?

## **1.3 Vår visjon - Kyrkjemusikken i Askvoll – kor vil vi?**

### Tradisjon, fornying, inkludering og deltaking

Kyrkja skal vere ein stad der alle skal kunne kjenne seg trygge og vere ein del av noko kjent og kjært, og der musikalske tradisjonar skal ivaretakast og vidareformidlast til nye generasjonar. Likeins skal det vere rom for eit levande og skapande fellesskap, der salmeskatten og andre varierte, musikalske uttrykk og tilbod kan utforskast, opplevast og formidlast i lys av både samtid og historie innanfor kyrkja sine rammer.

## 2.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar

### Vårt mål

**Vi skal vere ei open kyrkje som gjennom musikk famnar om alle generasjonar, i ulike livssituasjoner.**

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.1.1	Vi skal nå ut til alle - barn, unge og voksne - med variert og inkluderande musikk	Salmekveldar/ musikkandakt	Alle	4 pr. år. -Askvoll -Bulandet -Kvammen -Holmedal/Vilnes	Inn som del av forordninga Ingen særskilte ekstraressursar
2.1.2	Vi skal ha rom for musikalske innslag ut over det ordinære i gudstenestene	Formidle at det er rom for fleire å synge/spele under gudstenester Annonser på Facebook og i kyrkjebladet Spørje direkte	Alle	Gjentakande informasjon ut gjennom heile året	Kyrkjelydsutvala er aktive
2.1.3	Sikre at salmane gjenspeglar kyrkjeåret, ved å tilby eit variert, men og kjent (kjerne-)repertoar.	Lage eit salmeårshjul Lage eit «kjernerepertoar»	Alle	Viser til forordninga.	Inn som del av forordninga
2.1.4	Syte for at gravferd, vigsle og dåp opplevast som personleg og trygg, i lys av kyrkja sin identitet	Dei involverte får vere med i planlegginga av minnedelen t.d. med val av musikk	Alle involverte	Ved gravferd/vigsel/dåp	Ingen særskilte
2.1.5	Finne nye arenaer for gudstenesta ved å flytte den ut av kyrkjerommet – til stader der musikken har ein stor plass.	T.d. gudsteneste på Skjærgårdstreffet, Krabbefestivalen, Kyrkjebakken etc.	Alle	1-2 gonger pr. år	Samarbeid med festivalarrangørar
2.1.6	Skape rom for stillheit, bøn og meditasjon i kyrkjerommet	«Chill out» Bønevandring – opa kyrkje med meditative og enkle musikalske uttrykk	Alle	2 gonger pr. år	Sokneprest Kantor Frivillege
2.1.7	Komme folk i møte med at dei får større innverknad på valet av salmar i gudstenestene	“Ønskekasse” i kyrkjene og på Facebook	Alle	Kontinuerleg	Kyrkjelydsutvala

## 2.2 Korverksemd, etc.

### Vårt mål

**Gjennom øvingar, gudstenester, «formelle og uformelle» arrangement og konsertar, får koret skape, formidle og ta del i trusopplæringa for barn, unge og vaksne.**

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.2.1	Legge til rette for meiningsfulle, musikalske fritidsaktivitetar for barn og unge, og ivareta utøvarar som ønskjer å ta aktivt del i kyrkjemusikalske tilstelningar, til dømes i gudstenester, på konsertar ol.	Barnekor	6-12	T.d. 2 gonger pr. mnd	Frivillig dirigent Kantor deltek i oppstart og ved behov Sing back-utstyr
2.2.2	Vidareutvikle og ta vare på ungdom som ønskjer å uttrykke seg musikalsk, og gi tilbod om ei meiningsfull fritidsaktivitet for ungdom. Deltaking på gudstenester, konsertar, m.v. etter oppsett plan	Ten-Sing	13-18	T.d. 2 gonger pr. mnd	Frivillig dirigent og teknikar Kantor deltek i oppstart og ved behov
2.2.3	Bruke kyrkjerommet som ein sosial og musikalsk møteplass der ein kan vere ein del av eit lågterskeltilbod.	«Kyrkjekaraoke»	Alle	1 g. pr. mnd.	Frivillege
2.2.4	Musikalsk støttefunksjon for Ten Sing (primært) Deltaking på gudstenester, konsertar, m.v. etter oppsett plan	Ungdomsband	13-18	T.d. 2 gonger pr. mnd	Frivilleg «bandleiar» Instrument
2.2.5	Ein skapande og sosial møteplass der ein opplever sanglede. Sikre ei ressursgruppe for gudstenesteliv, salmekveldar og konsertar	Askvoll Kyrkjekor	Vaksne	Øving kvar veke	Frivillig dirigent Kantor er pianist på annakvar øving

## 2.3 Barn og ungdom

### Vårt mål

**Gje barn og unge eit variert kyrkjemusikalsk tilbod, og nytte kyrkjerommet som ein sosial møteplass der det er rom for alle – ein stad der ein kan kjenne seg trygg og inkludert.**

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.3.1	Lage eit stort arrangement for barn, der musikken har ein sentral plass. Synleggjere kyrkja i lokalsamfunnet.	Barnefestival. Fleire av deltakta i planen kan verte lagt inn her	Opp til 12 år	Årleg 3-dagars arrangement (ei helg)	Kantor Prest Frivillige Budsjett (servering)
2.3.2	Ha eit tilbod der dei minste barna får stimulert sansane sine gjennom song, musikk, rørsle og rytme, og lære foreldre songar og bøner dei kan nytte heime.	Babysang	0-1 år	Annankvar veke	Pedagog Kantor ved behov
2.3.3	Ha eit tilbod der barna får stimulert sansane sine gjennom song, musikk, rørsle og rytme, og lære foreldre songar og bøner dei kan nytte heime.	Småbarnssang	1-3	1 gong pr. månad	Pedagog Kantor ved behov
2.3.4	La barna ha det kjekt og bli kjent med kyrkja og salmeskatten vår	Salmetreff	Barn med følge	1-2 gonger pr. år	Kantor og frivillege Servering

## 2.4 Skule, barnehage, kulturskule

### Vårt mål

*Gje barn og unge eit variert kyrkjemusikalsk tilbod gjennom samarbeid mellom kyrkja og skulane, barnehagane og kulturskulen, og nytte og utveksle den kompetansen dei ulike institusjonane har.*

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.4.1	Barnehagebarna vert kjent med dei mest vanlege salmane knytt til jul- og påskefeiringa.	Barnehagegudstenester	Barnehagebarn	Jul og påske etter rullerande plan	Ordinært gudstenestekrav Pedagog
2.4.2	Skuleelevarne vert kjent med dei mest vanlege salmane knytt til jul- og påskefeiringa.	Skulegudstenester	Grunnskuleelevar	Askvoll, Gjelsvik til jul Atløy til påske	Ordinært gudstenestekrav Pedagog

## 2.5 Institusjonar

### Vårt mål

*Gje eldre og institusjonsbebuarar auka livsglede gjennom at kyrkja er til stades på Askvollheimen.*

### Involvering i musikalsk utfalding

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.5.1	Vi vil tilby hyggestunder for bebuarar ved Askvollheimen i form av konsertar/intimkonsertar for bebuarar og pårørande Vi vil tilby musikkterapeutisk oppfølging på individuelt nivå i tett samarbeid med t.d. aktivitørane ved Askvollheimen	Musikkdiakoniprosjektet	Institusjons-bebuarar	Annakvar veke. Prosjektforlenging – februar 2025 og 3 nye år.	Kantor Prosjektmidlar
2.5.2	Musikalske opplevingar	Konsertar	Institusjons-bebuarar	5-6 ganger pr. år	Kantor Kyrkjekor Andre kor Solistar
2.5.3	Institusjonsbebuarar får erfare å vere skapande utøvarar som bidreg musikalsk til felles opplevingar.	«Demenskor»	Institusjons-bebuarar	Annakvar veke	Kantor Frivillige Kommunen/

					Askvollheimen
2.5.4	Gje institusjonsbebuuarar auka livsglede ved å legge babysang til Askvollheimen	Babysong på Askvollheimen	Institusjons-bebuuarar	Annankvar veke	Kantor

## 2.6 Konsertar og andre musikalske arrangement

### Vårt mål

**Sang og musikk er viktig for mange, og vi vil legge til rette for eit rikt og variert konserttilbod der ein kan oppleve både profesjonelle aktørar og amatørmusikarar i kyrkjerommet.**

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.6.1	Julestemning for heile kyrkjelyden	Julekonsert	Alle	Årleg	Kantor Lokale, musikalske krefter
2.6.2	Gi tilbod om varierte musikkopplevelingar gjennom å arrangere kyrkjekonsertar med spissa overskrifter (tema)	Andre temakonsertar (t.d. vårkonsert, nestekjærleik, sorg og håp)	Alle	1-2 pr. år	Kantor Lokale, musikalske krefter
2.6.3	Legge til rette for at kyrkjene våre skal vere naturlege konsertarenaer for eksterne aktørar, og vere ein aktiv medarrangør der lokale musikalske aktørar vert synleggjort og får utfalde seg for publikum i kyrkjeromma	Revidere utlånsreglementet for kyrkjene	-	-	Kyrkjeverje
2.6.4	Gi eit tilbod i førjulstida, der ein kan roe ned, ta del i ein fellesskap og synge og høre kjente og kjære julesanger	"Vi syng jula inn" Førjulssamling i kyrkja med gløgg og julesang	Alle	Årleg	Kantor, prest frivillige og gløgg

## 2.7 Instrument og bemanning/ressursar

### Vårt mål

*Vi vil sikre at vi har gode og velfungerande instrument i kyrkjebygga våre, med velfungerande orgel i alle kyrkjene som primærinstrument og eit utval tilleggsinstrument tilgjengeleg for variert musikalsk liv, t.d. flygel/piano og ulike bandinstrument.*

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.7.1	Sikre velfungerande orgel i alle fire kyrkjene våre	Etablere ein fast serviceavtale for kyrkjeorgel	-	?	Budsjettmidlar til serviceavtale
2.7.2	Gjennomtenkt plan for hovud- og sekundærinstrument	Full gjennomgang av instrumenta og avhending av unytta/ubrukelege/overflødige instrument	-		Evt. budsjettmidlar til fornying
2.7.3	Forutsigbar økonomi for kyrkjemusikken ut over det reitt «lovpålagte»	Skilje ut kyrkjemusikalsk verksemd som eigen del av budsjett og rekneskap.	-	-	Kyrkjeverje

### 3.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar

	Tiltak/aktivitet	Gjennomføring (tid/stad)	Ansvar	Annonsering/ marknadsføring	Gjennomført (ja/nei)	Evt. merknad
3.1.1	Salmekveldar/ musikkandakt	Kvammen: Tor 13. februar Bulandet: Ons 12. mars	Sabina Baylarbayova	Kyrkjeblad Facebook Plakatar		
3.1.2	Opne for musikalske innslag i gudstenestene (informasjon)	Heile tida	Sabina Baylarbayova Tommy Erdal	Kyrkjeblad Facebook		
3.1.3	Lage eit "salmeårshjul" med kjernerepertoar	Mars	Sabina Baylarbayova Tommy Erdal (Saman med KMU)	Intern informasjon		
3.1.4	Innvolvere folk i planlegginga av kyrkjelege handlingar	Heile tida	Tommy Erdal Sabina Baylarbayova	Intern informasjon		
3.1.5	Gudsteneste på t.d. Skjærgårdstreffet/ Krabbefestivalen	Hausten 2025				
3.1.6	"Chill out" - bønevandring (kveldsbøn)	Askeonsdag 5. mars i Askvoll kyrkje	Tommy Erdal			
3.1.7	"Ønskekasse"	Innan januar 2025	Kyrkjelydsutvala	Facebook Kyrkjebladet		

### **3.2 Korverksemd**

	Tiltak/aktivitet	Gjennomføring (tid/stad)	Ansvar	Annonsering/ marknadsføring	Gjennomført (ja/nei)	Evt. merknad
3.2.1	Barnekor	Hausten 2025				
3.2.2	Ten Sing	Hausten 2025				
3.2.3	"Kyrkjekaraoke"	Mars i Askvoll kyrkje	Silje F Solheim	Facebook Kyrkjeblad		
3.2.4	Ungdomsband	Hausten 2025				
3.2.5	Askvoll kyrkjekor	Øvingar kyrkjekontoret. Eigne datoar	Frivillig leiar S.A.I.	- Er godt kjent (jungeltelegrafen)		

### 3.3 Barn og ungdom

	Tiltak/aktivitet	Gjennomføring (tid/stad)	Ansvar	Annonsering/ marknadsføring	Gjennomført (ja/nei)	Evt. merknad
3.3.1	Barnefestivalen	8.-10. februar  Askvoll kyrkje: lørdag 08.02. Dueslepp  Tur med Barnas Turlag? Søndag 09.02.  Askvoll kyrkje: mandag 10.02. Kl. 18.00: Kirkerotteteater  Babysong	Oddgunn K Grane  Sabina Baylarbayova	Brei omtale – kyrkjeblad, Facebook, gjerne redaksjonell dekning i lokalavis Invitasjonar i post		
3.3.2	Babysong	Vinter/vår etter eiga liste	Sabina Baylarbayova (mellombels før ny pedagog)	Kyrkjeblad Facebook		
3.3.3	Småbarnssang	Hausten 2025		Kyrkjeblad Facebook		
3.3.4	Salmetreff	Hausten 2025	Sabina Baylarbayova	Kyrkjeblad Facebook		

### 3.4 Skule-kyrkje

	Tiltak/aktivitet	Gjennomføring (tid/stad)	Ansvar	Annonsering/ marknadsføring	Gjennomført (ja/nei)	Evt. merknad
3.4.1	Barnehagegudsteneste	Påske Vilnes kyrkje fredag 11. april	Tommy Erdal Sabina Baylarbayova Pedagog	Direkte invitasjon gjennom barnehagen		
3.4.2	Skulegudsteneste	Påske Vilnes kyrkje fredag 11. april	Tommy Erdal Sabina Baylarbayova Pedagog	Direkte invitasjon gjennom skulen		

### 3.5 Institusjonar

	Tiltak/aktivitet	Gjennomføring (tid/stad)	Ansvar	Annonsering/ marknadsføring	Gjennomført (ja/nei)	Evt. merknad
3.5.1	Musikkdiakoniprosjektet - hyggestunder	Askvollheimen Sjå eiga datoliste	Sabina Baylarbayova	Oppslag på Askvollheimen		
3.5.2	Konsertar	Askvollheimen Påskekonsert ved Askvoll kyrkjekor	Sabina Baylarbayova	Oppslag på Askvollheimen		
3.5.3	“Demenskor”	Hausten 2025				
3.5.4	Babysong på Askvollheimen	Askvollheimen Sjå eiga datoliste	Sabina Baylarbayova (mellombels inntil ny pedagog) Hildegunn Helleset (kunngjeringar)	Oppslag på Askvollheimen Kyrkjeblad Facebook		

### 3.6 Konsertar og andre musikalske arrangement

	Tiltak/aktivitet	Gjennomføring (tid/stad)	Ansvar	Annonsering/ marknadsføring	Gjennomført (ja/nei)	Evt. merknad
3.6.1	Julekonsert	Hausten 2025				
3.6.2	Temakonsertar	Vårkonsert Ikke planlagt dato våren 2025	Sabina Baylarpayova	Facebook Kyrkjeblad		
3.6.3	Revidere utlånsreglement for kyrkjene	Soknerådsmøte i mars	Rune Ziener	Intern informasjon		
3.6.4	"Vi syng jula inn"	Hausten 2025	Sabina Baylarpayova			

### 3.7 Instrument og bemanning/ressursar

	Tiltak/aktivitet	Gjennomføring (tid/stad)	Ansvar	Annonsering/ marknadsføring	Gjennomført (ja/nei)	Evt. merknad
3.7.1	Fast serviceavtale på kyrkleorgla	Soknerådsmøte <i>- vert vurdert etter kvart som ein ser økonomien for 2025</i>	Rune Ziener	Intern informasjon		
3.7.2	Instrumentplan - Anskaffing/avhending og restaurering	Soknerådsmøte i mars	Rune Ziener Sabina Baylarpayova (Etter forslag frå KMU)	Intern informasjon		
3.7.3	Eige kyrkjemusikkbudsjett	Soknerådsmøte i januar	Rune Ziener (Etter forslag frå KMU)	Intern informasjon		